

Konsert i mineralparken på Auensneset tysdag:

Lovar alle ein magisk kveld

Den årvisse konsertserien «Nordiske somneretter» tar til med konsert i mineralparken på Auensneset tysdag. Arrangørane lovar folk ein magisk kveld.

**Tekst og foto:
Ole Birger Lien**

«Nordiske somneretter» er eit samarbeidsprosjekt der 25 veksendar, kommunar og andre aktørar frå båe Agederylka deltar. Frå i år av er også Setesdal regionråd med i lauget. Samarbeidet resulterer mellom anna i 6-8 sommarkonsertar i landsdelen.

- Vil femne breitt

Kjell Rune Nakkestad i «Nordiske somneretter» strekar under at mykje av poenget for lauget som står bak konsertane er å femne breitt, og å gje eit kulturtilbod til flest råd.

- Me vil vere ein organisasjon som nyttar kulturen som bindemiddel for å gje folk gode opplevingar. Det er i år niande året med desse konsertane, og utviklinga har vore markelans. Konserten i mineralparken i fjor, der om lag 200 menneske møtete opp, viser til fulle at hallen i parken er unik for konsertar av dette slaget. Akustikken og stemninga der gjev konsertane ei heilt spesiell ramme, og eg gler meg til folk skal få oppleve dette, seier han.

Heile konserten skal gjennomførast utan lydandlegg og høgtalarar, alt berre med hjelp av ein uvanleg klingande akustikk.

Vil utvide drifta

Vegard Hansson på mineralparken er svært nøgd med at «Nordiske somneretter» skipar til konsert på Auensneset også i år.



Vegard Hansson (t.v.) i mineralparken og Kjell Rune Nakkestad i «Nordiske somneretter» byr inn til konsert i mineralparken førstkommande tysdag. Dei lovar publikum ein magisk kveld.

- Det er viktig for oss å vise i praksis at mineralparken er for alle. Her skal vere rom for dei vaksne, dei eldre, unge og born. Mangfaldet er det viktigaste. Med barnehagedagen sst veke fekk folk sjå at mineralparken så viss høver for dei yngste. Tysdag får me på plass ei oppleving for vaksne, seier han. Hansson meiner konserten i fjor stadfesta felthallen i mineralparken som konsertarena.

- Me fekk flust med svært positive tilbakemeldingar både frå artistane og publikum. Fleire av dei meinte dette er beste konsertarenaen i

landsdelen, og det er ikkje snaut. Når me kan samarbeide med «Nordiske somneretter» på dette viset maktar også me å skaffe gode namn og skikkelege musikalske opplevingar ut til folket. Det kunne me ikkje fått til på eiga hand. No håpar me mange finn vegen til konserten tysdag seier Vegard Hansson i mineralparken.

Seks artistar

Seks artistar skal stå for det musikalske på Auensneset tysdag. Under namnet «Med løs snipp» skal folk få ein smak av internasjonal og nasjonal musikk i toppklassen. Ra-



Rany Boechat er ein av dei seks artistane som skal delta på konserten tysdag.

ny Boechat, opphavleg frå Brasil, men busett i Frankrike, skal synge. Pierre Bleuse frå Frankrike spelar fiolin. Remi JousseLINE, også han franskmann, spelar gitar. Sveinung Bjelland, ein av dei mest lovande pianistane i Noreg, er med. Håkon Thein trakterer bassen, og Andreas Sønning spelar fløyte og er produsent.

Franske diplomatar kjem

Blant publikummarane i mineralparken tysdag er truleg ein eller fleire franske diplomatar. Frankrike vil sjå nærare på prosjektet «Nordiske somneretter», med tanke på å få etablert eit liknande prosjekt der i landet. Men også du er altså velkomen til mineralparken førstkommande torsdag, til noko som kan verte ei musikalisk oppleving av dei sjeldne. Med troisk stemning, klingande akustikk og flott musikk ligg alt til rette for ein fin kveld med «Nordiske somneretter» i Setesdal.



«Nordiske somneretter» skipa til konsert i mineralparken på Auensneset også i fjor. Då møtte om lag 200 menneske opp og fekk med seg flott musikk frå fleire artistar.

(Foto: Setesdal mineralpark)

Med løs snipp
Nordiske somneretter inviterer til konsert «Med løs snipp» i Setesdal mineralpark på Evtje torsdag 3. juni kl. 20.00. Evtje Sønning spiller med Andreas Sønning og brasilianske musikere.